

Haram vidaregåande skule
6270 BRATTVÅG
tlf. 70 20 96 00

FORELDREMØTE FOR VG1 HAUSTEN 2009

Foreldre/føresette som har elev ved Vg1 _____ her ved skulen, er hjarteleg velkomne til foreldremøte

TORS DAG 3. SEPTEMBER KL. 1830.

1. Fellesinformasjon i auditoriet
2. Utdanningsprogramvis på eige rom

Kontaktlærarane leier møtet og vil m.a. orientere om utdanningsprogram/gruppa generelt (om skuledagen, miljøet, skulereglement, fråværssystem, fag, karakterar, eksamen etc.), og om det som skal skje i gruppa utover i skuleåret.. Vi oppmodar foreldra til å kome med dei spørsmål dei måtte ha om Vg1, faga og skulen generelt.

Dersom foreldre/føresette har spesielle ting dei ønskjer å drøfte med kontaktlærar, bed vi om at dei tek kontakt med vedkomande etter møtet.

Vi ser det som svært viktig at heim og skule har regelmessig kontakt gjennom foreldremøte. Heimen kan då få informasjon om eleven sin skulekvardag, og skulen på si side kan motta opplysningar som er verdifulle når vi skal leggje opp undervisninga for eleven. Dersom de som foreldre/føresett har ting de ønskjer å snakke om, må de ikkje vere redd for å ta kontakt med skulen også utanom foreldremøta.

Etter planen blir det to foreldremøte for Vg1-elevane, eitt i november og eitt på nyåret der foreldre/føresette får høve til å samtale med kontaktlærar og/eller faglærar etter avtale på førehand. I månadsskiftet januar/februar blir det dessutan arrangert eit orienteringsmøte om Vg2 Studiespesialisering der ein informerer om fag og fagval, reglar for studiekompetanse, opptakskrav til høgare utdanning etc.

Vi gjer elles merksam på at når det gjeld elevar som er fylt 18 år, har skulen teieplikt også overfor foreldre/føresett dersom eleven ikkje har gitt skulen melding om noko anna. Ønskjer eleven å gi oss slikt løyve, bed vi han/henne skrive under på svarslippen.

Med vennleg helsing

Jan Magne Helland
rektor

kontaktlærar

klipp

klipp

Namn på elev _____.

Eg/vi vil gjerne kome til foreldremøte. **JA** / **NEI** (stryk det som ikkje passar).

foreldre/føresette si underskrift

eleven si underskrift

(for elevar som er over 18 år)

Både dei som kan møte, og dei som ikkje kan møte, skal skrive under på dette arket og levere det tilbake til skulen seinast **onsdag 2. september 2009.**